# Varig våpen-kvile no!



SV

sv.no/bli-medlem


# Varig våpen-kvile no!



SV

sv.no/bli-medlem

# Stopp krigføringa!

29. november er den internasjonale solidaritetsdagen for det palestinske folket. I år er denne dagen viktigare enn nokon sinne. Sidan 7. oktober har israelske angrep på sivile på Gazastripa nådd eit nivå verda aldri tidlegare har sett, og talet på drepne aukar for kvar time. Over 40 % av dei drepne er barn. Ifølgje Røde Kors døyr eitt barn kvart kvarter, og UNICEF melder at over 1,5 millionar palestinarar er på flukt internt på Gaza – over halvparten av dei er barn.

I samsvar med folkeretten har Israel rett til å forsvare seg. Hamas sitt brutale terrorangrep utløyste den siste valdsbølgja frå Israel, men Israels okkupasjon og blokaden av Gaza har allereie vart i mange år. Derfor var også den humanitære situasjonen på Gaza prekær når angrepa starta. No er det ein katastrofe.

Tusenvis av menneske går no vinteren i møte utan husly og grunnleggjande infrastruktur, og lever i elendige sanitære forhold der sjukdommar blir spreidde fort. Vi krev at all nødvendig nødhjelp og hjelpeorganisasjonar omgåande må sleppast inn. I tillegg må Israel også stoppe dei brutale angrepa.

Vi krev varig våpenkvile og slutt på den brutale krigføringa no!

**Sosialistisk Venstreparti**
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**

# Stopp krigføringa!

29. november er den internasjonale solidaritetsdagen for det palestinske folket. I år er denne dagen viktigare enn nokon sinne. Sidan 7. oktober har israelske angrep på sivile på Gazastripa nådd eit nivå verda aldri tidlegare har sett, og talet på drepne aukar for kvar time. Over 40 % av dei drepne er barn. Ifølgje Røde Kors døyr eitt barn kvart kvarter, og UNICEF melder at over 1,5 millionar palestinarar er på flukt internt på Gaza – over halvparten av dei er barn.

I samsvar med folkeretten har Israel rett til å forsvare seg. Hamas sitt brutale terrorangrep utløyste den siste valdsbølgja frå Israel, men Israels okkupasjon og blokaden av Gaza har allereie vart i mange år. Derfor var også den humanitære situasjonen på Gaza prekær når angrepa starta. No er det ein katastrofe.

Tusenvis av menneske går no vinteren i møte utan husly og grunnleggjande infrastruktur, og lever i elendige sanitære forhold der sjukdommar blir spreidde fort. Vi krev at all nødvendig nødhjelp og hjelpeorganisasjonar omgåande må sleppast inn. I tillegg må Israel også stoppe dei brutale angrepa.

Vi krev varig våpenkvile og slutt på den brutale krigføringa no!

**Sosialistisk Venstreparti**
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn i SV her:**